

**PROTOKOLL
Møte i Helseutvalet i Nordhordland**

Møtetid: 14.03.2014 kl. 09:00 – 12:00

Tilstades: Nils Marton Aadland, Karstein Totland, Jon Askeland, Øyvind Olsnes, Odd Ivar Øvregård, Petter Kubon, Rune Heradstveit, Anita Sørtveit

Forfall: Knut Moe, Kristin Handeland, Tord Moltumyr, Ernst Horgen, Vidar Bråthen, Anne Hildegunn Færøy

Møteleiar: Nils Marton Aadland

Referent: Rune Heradstveit

Gjestar: Grethe Fosse og Kristian Simonsen frå Legevakta

SAKSNR	SAKSLISTE	Ansvar/ oppfølging
	Referat frå utvalsmøte 31.01.2014 vart godkjent utan merknader	
	Saksliste og innkalling til møtet vart godkjent utan merknader.	
10/14	<p>Planlegging av møte med Helse Vest RHF 25.april Framlegg til saksliste for møtet med Helse Vest RHF 25. april vart drøfta. Helse Vest RHF møter ikkje med politikarar. Foreløpig saksliste vart drøfta, viktig å spissa sakene.</p> <p>Det vart stilt spørsmål om Helseutvalet(HU) burde be om eit møte med leiinga i Helse Bergen HF og Haraldsplass DS, men HU kom fram til at dette er Samarbeidsutvalet (SU) si oppgåve. Ein må imidlertid sjå nærare på korleis SU jobbar, og kva ein ynskjer dette utvalet skal ha fokus på. Ein bør få på plass eit oppdatert mandat, dette også for andre grupper ein har.</p> <p>HU bør utfordra Toppleiarmøtet med kva ein ønskjer å bruka SU til, og kva fokus dette utvalet skal ha. HU må også vera meir aktiv i forhold til innspel av program og saker til toppleiarmøta.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ HU vil ta opp struktur på eit seinare møte i HU også kva tema og fokus dei ulike arbeidsgrupper m.v. skal jobba med. ▪ HU vil utfordra toppleiarmøtet i forhold til kva mandat og fokus SU skal ha. ▪ HU må vera meir aktiv med å spela inn saker til Toppleiarmøtet. 	Leiar HU Anne Hildegunn
11/14	<p>Orientering om Helsehuset Rune Heradstveit orienterte kort om status for arbeidet med Helsehuset.</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) er i positiv dialog med Statens Vegvesen om kjøp av tomt. Har hatt fleire møte med dei - god dialog. Vegvesenet jobbar no med nødvendige grep og avklaringar i samband med dette. ▪ NUI ser også på plassering og planløysering på tomte i tett dialog med Lindås kommune, planavdelinga og Asplan Viak. Dette i forhold til tema i områdeplan Knarvik som t.d. grønstruktur trafikkløysering og parkeringsanlegg m.v. ▪ NUI jobbar med anbudsbeskrivelse – engasjement av prosjektleiar og rådgjevande ingeniørtenester. Har her tett dialog med Helse Bergen HF. 	

	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Arbeid med selskapsavtale, er i startgropa. Vurderer her NUI eller eige IKS. ▪ 01. april er brukarane i huset kalla inn til møte. Hensikt er å gje orientering om status, starta synergjarbeid, og koma i gong med gode prosessar når det gjeld innhald, brukargrupper, brukarmedverknad m.v. ▪ Ein vil også no byrja å sjå på økonomiske sider som Husbank, lån, momskompensasjon ▪ NUI prøver å køyra flest mogelege parallelle prosessar for å spara tid 	
12/14	<p>Orientering frå råd og utval Samarbeidsutvalet: Odd Ivar Øvregård refererte frå siste møte i SU. Sjå vedlagte referat.</p> <p>Rådmannsutvalet: Øvregård refererte frå rådmannsmøtet i går 13. mars. Det vart m.a utpeika kommunale representantar til Underutval for akuttmedisinsk beredskap. Alle er ikkje spurt enno, men ein tenkjer gruppa samansett slik: Odd Ivar Øvregård (frå rådmennene), Sigvald Kvinge (frå brann- og redning og Masfjorden), Ernst Horgen (lege Fedje), Marit Voltersvik (kommuneoverlege Lindås), Grete Fosse (legevaktsjef) og ein legevaktssjukepleiar.</p> <p>Regionrådet: Det vart vist til at Regionrådet tidlegare har handsama prosjekt «Folkehelse i Nordhordland – planlegging og organisering». Regionrådet var positiv til vurderingar og tilrådingar som var presentert i «Rapport om interkommunalt samarbeid om folkehelse», og slutta seg til at den vert lagt ved som ein del av vurderingsgrunnlaget til « Plan for interkommunalt samarbeid innan helse og omsorgstenesta i Region Nordhordland», og at framlegg til tiltak vert implementert i denne planen.</p> <p>Regionrådet skal seinare i dag handsama « Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta».</p>	
13/14	<p>Orientering om ØH-D Legevaktsjef Grete Fosse og overlege Kristian Simonsen delte erfaringar og status etter 4 mnd. drift ved ØH-D. Simonsen hadde ein fyldig og god presentasjon over iht. vedlegg. Døgnposten har veldig god dialog med Haraldsplass DS, og dei har fått veldig god rettleiing derifrå. Det er utarbeida ei metodebok for ØH-D som inneheldt faglege prosedyrar, men også administrative og organisatoriske forhold. Denne er gjort tilgjengeleg på www.saman.no/nordhordland. Kan sendast kommunane om ynskjeleg.</p> <p>Simonsen orienterte om logistikk ved innlegging - medisinsk utstyr og lab. - sjekkelister – skåringsverktøy (Tews) – metodebok – behandlingsforløp – styrker og svakheiter ved organisasjonen – utferdingar – kompetansebygging og til slutt statistikk etter dei fyrste mnd.</p> <p>ØH-D utfører lege til lege konferanse, noko som ikkje er vanleg andre plassar, men som er ein stor styrke. Dette kan ein gjera då ein har to leger på vakt grunna samspelet med LV. Pleiebemanninga er ein sjukepleiar, det har godt veldig fint til denne tid, men kan vera ein utfordring dersom det skulle vera fullt belegg over litt tid.</p> <p>Statistikken viser at tilbudet blir brukt og at det fungerer godt. Storleiken på tilbudet og kompetansen ein har, er med å bygger opp under dette. Ein har breitt spekter av diagnose, gjerne litt overraskande korleis fordelinga har vore. Det har vore inne 126 pasientar pr. 13. mars, og liggetid er i snitt 1,5 døgn, og variasjonen er 0-7.</p>	

	<p>Det vil koma ein brukarundersøking om ikkje lenge.</p> <p>Lindås kommune har vist seg positive til å diskutera framtidige organisering av legevakta og ØH-D, og dette må sjåast i samanheng med helsehuset.</p> <p>ØD-D har fått gode tilbakemeldingar til denne tid – dette vart også understreka frå medlem i Helseutvalet. Leiar Nils Marton Aadland understreka også at dette er tilbakemeldingar han også har fått. Fosse og Simonsen trudde dette bl.a. har med at dei er store nok, at dei har god legedekning og er god på sjukepleiarsida.</p> <p>Helseutvalet peika på at dette er viktig på kommunisera ut både internt i organisasjonen / kommunane, men og eksternt.</p>	
14/14	<p>Eventuelt Ingen saker.</p>	

Knarvik, 17. mars 2014

Rune Heradstveit (sign)

Dagleg leiar

Nordhordland Utviklingsselskap IKS